

Fra: hjordis.almelid.vikenes@gmail.com
Sendt: 27. mai 2015 22:58
Til: Postmottak KUD
Emne: Høringsuttalelse (Ref 15/1432) – forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker

Hjørdis Almelid Vikenes

hjordis.almelid.vikenes@gmail.com

Lerkevg 5

Eg ønsker ikkje at Regjeringa skal tillate søndagsopne butikkar!

Søndagsfri betyr fridom både frå arbeid og frå handel. Vi treng ikkje fleire dagar med shopping og auka forbruk.

Søndag er ein dag for frivillig arbeid og mange brukar han til helsebringjande friluftsliv. Når butikkane er stengt, er det tid for andre aktivitetar. Søndagsturen, frivillig innsats, rekreasjon og avslapping. Ein fridag er ikkje berre godt for helsa og hovudet, det er også bra for miljøet!

Søndagssope gjer at fleire butikkar må halde ope, noko som fører til auka energibruk. Tilsette må på jobb og folk fer til butikkar og kjøpesenter på ein dag med søndagsruter på tog og buss, og det vil bli endå meir bilkøyning.

Søndagsstengte butikkar er ei viktig ramme som gjev oss andre møteplassar og måtar å vere saman på. Seks dagar i veka er kommersielle handledagar, ein dag tilbyr noko anna. Både folk og miljø treng ein kviledag.

Difor ber eg Regjeringa stoppe forslaget om søndagsopne butikkar. Det er ei løysing på ei utfordring veldig få har, som skaper nye problem for mange fleire. La oss behalde kviledagen vår.

